

Krav til innleverte digitale plankart **Etne kommune**

Dette gjeld for reguleringsplanar og bebyggelsesplanar:

Plankart skal konstruerast iht. Miljøverndepartementet sine rettleiingar T- 1382 – kommuneplanens arealdel og T- 1381 Reguleringsplan og bebyggelsesplan samt T- 1412 Digitale planar etter plan og bygningslova.

Desse rettleiingane er basert på SOSI standard, og alle innleverte planar skal følgja denne.

Rettleiingane kan lastast ned her:

<http://odin.dep.no/md/planlegging/publikasjoner/>

SOSI standard for plandata etter plan og bygningslova har følgjande nettadresse:

http://www.statkart.no/standard/sosi/html_34/plan/plan.htm

OBS!

Ved utarbeiding av nye planar (før planlegginga startar) er det spesielt viktig at forslagsstillar passar på å ha alle data for grenser, eksisterande vegar med meir som skal knytast opp til den nye planen. Ta kontakt for oppdatert datagrunnlag.

Innhald:


- Det digitale plankartet skal berre innehalda juridisk bindande plandata, og berre geografisk bestemte (romlege) data.
Dvs at plankart skal bestå av objekt med temakode 1201 – 1299 for regulerings - og bebyggelses planar. Grunnkart, tittelfelt, kladdelag, rutenett og anna skal altså ikkje vera med i den digitale leveransen, men ev leverast på ei eiga fil.
- Viktig: Det skal ikkje vera objekt (punkt, liner, flater, tekst) utanfor planen sin avgrensing.
- Føremålsflatane 1202 skal danna eit kontinuerleg lappeteppe innanfor plangrensa. Alle areal skal ha eit føremål. Ingen liner med same temakode skal liggja dobbelt.
- Alle data skal ha korrekt temakode. I CAD programvare skal fila strukturerast slik at kvart tema ligg på eit eige lag, der namnet på laget er temakoden.

Alle flatar skal ha korrekte eigenskapar. Desse kan ikkje lagrast i DWG / DXF, om desse formata vert nytta som utveksling, kan eigenskap leggest ved fila som metadata. Med referanse til dei respektive flatar i plankartet.

Geometri:

- Planen skal konstruerast etter geometriske prinsipp.
- Liner som er meint å vera parallelle (vegkantar) skal vera parallelle.


- Vegkantar skal vera parallellforskyvingar av senterlina.
- Rettlina skal tangera buen i kurvepunkt.




- Om det er meint at ei reguleringslina skal følgja objekt frå grunnkart (døme DEK), skal ho vera ei identisk kopi.
- Planen skal ha ei topologisk datastruktur. Ingen liner med same tema skal liggja dobbelt, om to liner med ulike tema skal liggja oppå kvarandre skal den eine vera ei nøyaktig kopi av den andre:

DØME:


Om man lager føremålsflatene som lukka polygon vil man få doble liner (rød ring), manglande splitting i knutepunkt og man kan sleppa unna med lause liner (blå ring)



Topologi struktur vert etablert: Det skal ikkje eksistera doble liner, lina vert splitta i noder og lause liner vert fjerna. (OBS: punkt må treffa kvarandre 100%).



Planar som vert levert skal ha denne strukturen:



- kjeder av linestykker skal henga saman (sy line).

Format:

- Plan kan leverast på følgjande format: SOSI, Quadri, DXF.

Nivå:

- Plan kan leverast på SOSI nivå 3 eller 4.

Nivå 3: Samanhengjande liner

Nivå 4: Flatedanna

OBS: (Om plan vert levert på DXF for import i GIS/LINE er det ikkje naudsynt å krevja nivå 4, då flater ikkje kan importerast til QUADRI, og eigenskapar ikkje lagrast i DXF)

Kartprojeksjon/ Datum:

- Plankart skal liggja i same koordinatsystem som grunnkart(EUREF89). Planen må altså ikkje skalerast, flyttast eller roterast.
- Mål i planen skal vera i meter.

Tekst

- Rettleiar skildrar berre eitt tema for tekst.

Plan eller del av plan under/over bakkenivå:

- Skal leverast på eiga fil.

Metadata

- Til kvar dataleveranse bør det vera med ei skildring av dei leverte data. For leveransar der eigenskap ikkje kan lagrast er dette spesielt viktig.

Tittelfelt

- Tittelfelt skal organiserast som vist i rettleiaren. Det er viktig at alle liner, symbol og flater som planen skal innehalda vert forklart i tittelfelt. Det skal stå i tittelfelt kven som har utarbeidd planforslaget. Det må vera plass i tittelfeltet til å skrive inn R+reguleringsplannr (kommunen tildeler nr, døme R-101). Tittelfelt skal leverast som eiga fil.
- Det same gjeld for føresegnene til planen.

Alle private digitale planforslag blir kontrollert ved mottak. Leveransen inkl. plankartet sin datastruktur og innhald skal vera godkjend før 1. gongs handsaming. Godkjent kvalitet skal følgja gjennom heile planprosessen.